



I dag, 20. dag jul eller 13. januar, kan du med glede pakka ned alt som har med jula å gjera.

To heilag- og merkedagar er for det meste ute av juletradisjonen vår. Det er 13. dagen. det som eigenleg var Knutsdagen, og 20. dagen . Dagane markerer slutten på jula. I dag, laurdag, 13. januar, kan du med visse pakka ned jula og lagra alt til neste jul. Mange har alt rydda bort jula for mange dagar sidan. Nokre held på det gamle og ventar til i dag.

St. Knud eller hertug Knud Lavard i Danmark vart drepen ved svik 7. januar 1131 og kanonisert 1169. Av dette fekk vi rimet Sante Knud, jagar jula ut. Sante Knud kom som ein utkledd gut, gjerne som ein leiar for ei skreid av born og ungdom som nytta høve til å laga moro. Av dette fekk vi julebukktradisjonen 7. januar.

Så skjedde det at i Sverige og i deler av Noreg, vart Knutsdagen flytta frå 13. dag jul til 20. dag jul. Det var i overgangen frå 1600 til 1700 talet. Danmark heldt fast på den gamle tilknytninga til trettandedagen.

Uansett var målet det same: Utdriving av jula og fortæring av dei siste restane av mat og drikke. Med andre ord: I dag skal alt, som har med jula å gjera, pakkast ned, sjølv om nokre hevdar at jula varer like til påske.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal